

312
KSK/TOC
Jondal Felleskasse
v/Lars-Arne Eide
Brekke
5627 Jondal

201003723-27
201004105-25

Jondal, 11.07.2013

NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale til søknad om småkraftverk i Jondal kommune – Tveddal og Breisete.

Styret i Jondal Felleskasse(JF) gjorde i styremøte den 5. juni 2013 vedtak om og gje uttale til søknadane om småkraftverk Tveddal og Breisete i Jondal kommune.

JF er eit grunneigarlag der alle grunneigarar/elveeigarar og bruksrettshavarar i Stølsdalen er medlemmer. Laget har eksistert sidan 1860-åra og har i dag ansvaret for fellesoppgåver som grunneigarane har i området. Vegen til Breiseter, jakt- og fiskerettane samt utleige av festetomter er dei viktigaste oppgåvene i dag. Tidlegare var oppgåvene knytt til gardsdrift med gjerdehald og liknande.

JF ser er positiv til utbygging i Stølsdalen, og ser at tiltak i området kan føra med seg at vegen til Breisete vert opp rusta slik at den kan ha den bruken den har for alle grunneigarane og hytteeigarane i området. JF har til dels store utgifter til drift og vedlikehald på vegen i dag, sjølv om det er innført ei avgift gjev dette berre om lag 5 – 6 tusen kroner pr. år. Vegen er bygd som ein kjerreveg, men gradis utvida slik at me kjem fram med personbilar og traktor. JF har ikkje tankar om at vegen skal ha slik standard at bu-bilar og lastebilar kjem fram. Denne vert hindra av at det er ei bru over elva ved inntaket til Stølsdalselva Kraftverk berre er 2,1 meter brei. Dette er for smalt til det traktorane som grunneigarane nyttar i dag, men dei som har store traktorar har avtalar om bruk av skogsveg på nabo eigedomane til JF.


JF er ynskjer ikkje at det skal opparbeidast permanent veg til Nipevatnet langs rør traseen for Breisete Kraftverk. JF meiner det er ikkje behov for veg vidare utover frå Breisete. Dei eigedomane som har rett til å ta ut ved utover langs planlagde rørtrase er få og dei har ikkje ynskje om veg. Når det vert bygd ny bru over elva i samband med anleggsarbeidet er dei fornøgde og kjem til den skogen som dei evt. ynskjer å ta ut.

Elles vil JF på opplysa om at grunnen under begge utbyggingane ligg i felleseiga, det er berre retten til å ta ut ved som er fordelt på dei 4 gardsbruka i området. Det er fleire brukarar under kvart gardbruk som har beiterettar og rett til ved i området. Alle grunneigarane og brukarane i området er varsla om søknadane. JF reknar med at det er dei 11 eigedomane som er falleigarar som og eig grunnen i fellesmark og at dei andre har bruksrettar i høve skyld. Det er innan JF drøfta om det skal søkjast om jordskifte for å kunne gjennomføra dei planlagde inngrep i området, men det er ikkje fatta vedtak om å søkja om jordskifte endå. Dette kan verta eit tema på neste årsmøte.

Konklusjon:

JF er positiv til tiltaka, men negativ til evt. permanent veg langs røyrtraseen for Breisete kraftverk.

Med venleg helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Lars-Arne Eide', written in a cursive style.

Lars-Arne Eide

-leiar-

Vedlegg: Kopi av styrprotokoll.

Skyra mætte 05.06.13 kl 20⁰⁰

Þessi mætte: L.A. Fide

Svein Olofsson

Brenn. A. Ræð

Sak I: Dugnad. Laugdag 15.06.13

Formann set upp ~~forslag~~
plakat.

Opplagur: Græning frá þröng
og ned til Byrkjalandsbúa
Ref. av stikkveitir utom
fræddalsbúa.

II

Konsejónssøktad: Skýrt ber
formann senda ein merknad
til NVE þá konsejónssøktad
fær Breizete Kraftverk.
Skýrt er samþykkes imot
permanent veg til Níperkvetnet.

III Synfaring på vegun. Mæte slutt 20¹⁵

B.A. Ræð S.Olofsson L.A. Fide